

## Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
018/17	Førebuaude fellesnemnd – ny kommune	24.04.2017

Sakshandsamar:	Lindås kommune	Ørjan Raknes Forthun
	Arkivnr: 16/3602	Klassering:

*Saka er oppdatert i samsvar med handsaminga og vedtaket i Førebels Fellesnemnd*

### Delegering av fullmakt til Førebels Fellesnemnd

#### Framlegg til vedtak som innstilling til kommunestyra:

1. Førebels fellesnemnd får fullmakt til å gjennomføra ein prosess med å engasjera ein prosjektleiar

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn:

I samband med handsaming av sak 012/17: Prosess for tilsetting av prosjektleiar vart det vedteke å engasjera ein prosjektleiar for arbeidet med kommunesamanslåinga for perioden august 2017-juni 2020. For ikkje å tape noko tid og framdrift i arbeidet med samanslåinga av Lindås, Meland og Radøy er det viktig å gjennomføra prosessen med å engasjera eit eksternt firma så raskt som mogleg. På den bakgrunnen ber Førebels Fellesnemnd om denne fullmakta.

##### Saksutgreiing:

Arbeidet med å etablera ein ny kommune krev ei stor breidd i kompetansen og fleksibilitet i kapasiteten i prosjektorganisasjonen. I det sambandet vedtok Førebels fellesnemnd i sak 012/17:

«1 . Førebels fellesnemnd gjev rådmennene i dei tre kommunane i oppdrag å gjennomføra ein anbudsprosess for innleia av prosjektleiar for kommunesamanslåinga for perioden august 2017-juni 2020, i høve lov om offentlege anskaffingar. Det vert lagt inn atterhald om departementet seia endelege godkjenning av den nye kommunen. Avtalte med ein slik leverandør skal òg gje moglegheit for å trekkje på fleire ressursar i perioden, slik at ein har kompetanse og kapasitet tilgjengeleg for prosjektet i avtaleperioden.»

I denne saka ber Førebels fellesnemnd om fullmakt til å gjennomføra denne anbudsprosessen.

##### Økonomiske konsekvensar:

Kostanden til å leiga inn prosjektleiar finansierast frå eingongsstøtta som vert utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.